



Etne kommune  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Oddgeir Aardal, 5764 3077


## Etne kommune, gbnr. 140/4 og 41, Mortveit molo og småbåthamn- spørsmål om trekking av motsegn

Vi viser til kommunen sitt brev datert 08.04.2022, med spørsmål om å trekke motsegn knytt til detaljreguleringsplan for Mortveit molo og småbåthamn. Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) fremja motsegn mot detaljreguleringsplanen med bakgrunn i motstrid med gjeldande planar og statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Vi meinte at ei småbåthamn med den planlagde plasseringa ville få store negative verknader for landskapet og stå fram som svært synleg og dominerande for eit større område kring Skånevikfjorden.

Framlagde, justerte løysing er flytta nærmare inn mot land, gjort smalare, og med molo som går om lag parallelt med strandlinja på staden. Det er planlagt å sprengje ei fjellhulle på minus 10 meter på sjøbotnen, som fundament for moloen. Den nye løysinga vil framleis krevje sprenging i strandsona, med fjellskjering i snitt på 3-4 meter høgde og 5,5 meter på kortare parti. Fjellskjering i førre planforslag var planlagt med mellom 5 og 12 meter høgde.



Nytt forslag til småbåthamn



Tidlegare forslag



Tilsende plandokument stadfestar at kommunen har arbeidd mykje med denne saka og det er gjort gode faglege vurderingar. Samla sett er det gjort endringar både med planløyising og planføresegner som svarar ut våre merknader. Statsforvaltaren finn difor grunnlag for å trekkje motsegna til framlegg til detaljreguleringsplan for Mortveit molo og småbåthamn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Oddgeir Aardal  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*